

Unge musikarar krydra g veutdelinga til Sparebankstiftinga.

05.06.2020



Medlemer og styremedlemer i Uskedal Skulemusikk og Uskedal Idrettslag mottek g ver fr  SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad.

SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad inviterte til den andre g veutdelinga for v rhalv ret i dag p  Husnes. Heile 1,2 millionar kroner vart fordelt p  17 ulike lag. Av dei finn vi to fr  Uskedalen: Uskedal Idrettslag og Uskedal Skulemusikk. Det var representantar fr  begge laga tilstades p  utdelinga, og fem unge musikarar fr  Uskedalen sytte ogs  for ei flott musikalsk ramme rundt g vedrysset.



Flott vårmusikk: f.v. Ola, Iver, Ebba, Anna og Signe Karine

Då skulemusikken fekk gladtelefonen om at det vanka gåve til dei, kom det også på tale at dei kunne bidra med musikk. Å samla heile korpset på det korte varselet var ikkje mogeleg, men flott musikk vart det.

Fem musikarar frå korpset stilte opp, og kva kunne då passa betre enn vårsongen 'Alle fugler'. Dei fem er alle elevar i kulturskulen og hadde lært denne songen der. Det var Anna Hermann Fossli, Ebba Hermann Fossli og Signe Karine Koløy på kornettar, Ola Hermann Fossli på trombone og Iver Hermann Fossli på tuba.

Tre av dei, Ola, Ebba og Signe Karine, spela på instrument som vart kjøpt inn etter forrige gåve skulemusikken fekk frå Sparebankstiftinga. Dei to andre instrumenta er frå tidlegare gåver. Dei raude jakkene som fleire av musikarane hadde på seg, er også det. Dette er tydelege bevis på kor viktige Sparebankstiftinga sine tildelingar er for lagstilbodet i kommunen.

Bakgrunnen for denne utdelinga er at laga har tapt inntekter i koronaperioden. Dette understreka styreleiaren i Sparebankstiftinga, Svein Arne Eidsvik, i innleiinga si under utdelinga som også i dag føregjekk i Husnesparken. Han sa vidare at pengane skulle brukast til å oppretthalda den gode og viktige aktiviteten i laga. Han meinte kvart lagsstyre visste best korleis desse pengane kunne koma til nytte. Det vart delt ut 800.000 kr i slik 'koronastøtte'. I tillegg var det ei gåve som skilde seg ut; - 400.000 kr til ferdiggjering av opprustninga av Strand Ulv-hallen.

-Det er sjølv sagt mange andre lag som kunne fått støtte, men vi har plukka ut dykk denne gongen for å styrkja økonomien dykkar, sa styreleiaren også til dei frammøtte.

Dette var altså ei utdeling der det ikkje var sendt inn søknad til ulike prosjekt. Det var styret i Sparebankstiftinga som hadde valt ut laga som fekk denne støtta utan nokon form for søknad.

- Uskedal Idrettslag vart tildelt kr. 75.000,- .
- Uskedal Skulemusikk vart tildelt kr. 25.000,-.

- Hjelpe meg så heldige vi er, uttalar Monica Hermann i styret i Uskedal skulemusikk og tenkjer på kor viktig støtta frå Sparebankstiftinga er for å oppretthalda eit godt aktivitetstilbod for born og unge.

Idrettsorganisasjonar og skulekorps i andre bygder fekk tilsvarande stønader. Med dette er det løyvd midlar til ni ulike tiltak/prosjekt i Uskedalen frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad denne våren. Det er venta ny søknadsrunde og tildeling til hausten.

Tekst/nett: Kristian Bringedal/Thor Inge Døsland
Foto: Marius Nissestad - Grenda/Monica Hermann